

Ottar Grepstad

# *Språkleg valfridom: eit demokratisk dilemma*

Foredrag på ”Språk 2005” i Bærum kulturhus, Sandvika 9. april 2005

I vår tid er valfridom eitt av dei store orda. Det lyser mot oss frå avissidene, det blir ropt ut i debattar om alt frå utlånsrente til aldersheimplassen til bestemor, og der det ikkje står skrive, står det mellom linjene.<sup>1</sup> Vi skal ha rett til å velje, og vi skal alltid kunne velje. Det er som om sjølve tidsånda skulle ha flytta inn i dette ordet. Med mitt undrande språk vil eg prøve å kome tettare på denne tidsånda.

På nokre område er valfridom eit viktig prinsipp. Men er det føremålstenleg som ein absolutt ideologi? Finst det også ein språkleg valfridom? Språkbruk er i eit moderne samfunn regulert på fleire måtar, både gjennom lovverk, private regelverk og kulturell sedvane. For at det skal gi meining å tale om ein språkleg valfridom, måtte det då vere høve til å velje annleis enn det desse mange reguleringane tilseier. Her er det tale om minst tre nivå eller område: Kva målform vi bruker, når vi bruker den aktuelle målforma og korleis vi skriv innanfor den målforma.

La oss ved dette høvet halde oss til det overordna spørsmålet om val av målform. I seg sjølv inneber då begrepet valfridom at meir enn ei målform står

---

<sup>1</sup> Nettstaden til Fremskrittspartiets Ungdom har jamvel overskrifta ”Valgfrihet.no” og Internett-adressa [www.valgfrihet.no](http://www.valgfrihet.no).

til rådvelde. Alt ved å introdusere fenomenet språkleg valfridom har ein slått fast at samfunnet er fleirspråkleg, og at det på ein eller annan måte er mogleg å skifte språk innanfor dette samfunnet.

Å skifte språk er individuelle val, men sjeldan eller aldri berre det. Kva maktforhold påverkar språkskiftarane til å gjere det dei gjer? Kor reelt val har dei?<sup>2</sup> Og kva med dei som reknar seg som tospråklege? I spørjeundersøkingar er det ein del personar som seier dei like gjerne bruker nynorsk som bokmål. Mange av dei trur eg var elevar som hadde nynorsk i grunnskulen, og som i stor grad kanskje bruker bokmål no, men som har teke med seg grunnkunnskapane om sitt eige språk. Dei har skifta språk, men berre eit stykke på veg, og mest truleg har dei gjort det etter skuletid.

Kvart år skiftar mange nordmenn målform. Dei gjer det ikkje over natta, for det å skifte språk tek tid. Den dyktige sportsjournalisten Kjell Kristian Rike, no busett på Blommenholm, brukte mange år på å gå frå sitt talemål over til standard austnorsk. Det gjorde han etter at han i lengre tid var blitt utsett for meir kritikk frå nynorske raublyantar enn han nok tykte var rimeleg og anstendig. Utviklinga i denne personens talemål blir dokumentert stykkevis og delt når sportsredaksjonen i NRK sender kavalkadeklipp frå tidlegare gullaldrar.

For dei fleste språkskiftarane er det ikkje råd å dokumentere dette på same måten. Vi veit ikkje ein gong kor mange bokmålsbrukarar som skiftar målform, anna enn at det ganske sikkert er få. Derimot veit vi at kvar tredje nynorskbrukar skiftar målform, og at dei fleste av desse truleg gjer det før dei har fylt 20 år. Dette har eg kalla den språklege lekkasjen.<sup>3</sup> Denne lekkasjen har særleg gjort seg gjeldande i andre halvdel av 1900-talet.

---

<sup>2</sup> Det eg somme stader har omtalt som sosiale konvensjonar, vil vere viktig i slike drøftingar. Likeins kan analysar av folkerøystingar om skulemål og kyrkjemål kaste eit avslørande lys over emnet. Også allmenne mønster for språkbruk i dei enkelte lokalsamfunna representerer ein maktfaktor som er med og påverkar det som kan kallast valsituasjonen for den enkelte språkbrukaren. Der er heilt sikkert endå fleire faktorar som må analyserast nøye i dei studiane som burde lagast og som kan få mykje å seie når politikken for den språkdeltede norske kulturen skal formast og styrkjast.

<sup>3</sup> *Den språklege lekkasjen*, årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur 29.9.2004, [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no).

Det let seg gjere å ordne i grupper dei som skiftar frå nynorsk til bokmål.<sup>4</sup> Slike typologiar har ein lei tendens til å fryse historiske prosessar og dermed oversjå vesentlege skilnader over tid.<sup>5</sup> Vår tids språkskiftarar må nok til dels forståast ut frå andre kategoriar enn det som var aktuelt for nokre tiår sidan.

Nokre av språkskiftarane er så uinteresserte i språk at dei ikkje legg vekt på skilnadene og truleg knapt nok oppfattar seg sjølve som språkskiftarar. Andre skriv sjølv i dag så lite både i arbeid og på fritida at dei etter kvart misser kontakten med utgangspunktet. Somme skiftar fordi familien flyttar, og det gjeld nok fleire enn før, men samstundes er det blitt lettare å halde på det opphavlege språket sitt iallfall i delar av landet. Den aukande teknologiske spesialiseringa får ein del til å gi opp si eiga målform fordi den høvelege fagterminologien er svak på nynorsk eller ikkje blir oppfatta som god nok, eller kanskje fordi det blir for krevjande å ta dette språkansvaret meir eller mindre åleine. Og så har vi sjølv sagt alle dei tilpassingsdyktige som skiftar språk for å tilpasse seg arbeidsliv og det som ser ut til å svare seg mellom anna ut frå omsynet til karriere.

Nokon har rett og slett skifta målform fordi dei *ville* endre språket sitt. På nynorsk er språkbruken klar og umogleg å mistyde. Ein som skiftar frå nynorsk til bokmål, er i den harde kjernen av målfolk altfor ofte blitt kalla ein målsvikar. Ein som går andre vegen, er derimot ein konvertitt. Det omgrepet refererer som kjent til ein som har skifta trussamfunn, og uttrykket blir særleg brukt i samband med katolisismen. Korleis dette ordet vann hevd i målrørsla, kjenner eg ikkje til, men det seier i seg sjølv mykje om styrken i den språklege identiteten at eit slikt religiøst omgrep blir brukt om språkskifte.

Vitnemål, konvertitt, svik. Det er sterke ord vi bruker når vi snakkar om språk og språkskifte. Orda fortel om dei sterke kjenslene som språk alltid og

---

<sup>4</sup> Eg gjorde det i *Den nynorske lekkasjen*, sjå note 3.

<sup>5</sup> Kor fruktbare dei likevel kan vere, går fram av til dømes Reidun Høydals studie *Periferiens nasjonsbyggjarar. Vestlandslæraren og Volda lærarskule 1895–1920*, KULTs skriftserie nr. 39, Oslo 1995. Ho bruker kategoriar som ortodoks, eldhuga og rabbagastar for å sortere individa i grupper.,

heldigvis rører ved. Det er difor bra at nokon også talar bokmålets pris og heidrar også denne målforma. Men dei sterke orda vitnar også om at språkskifta skjer i eit sosialt rom der det også finst motkrefter. Med det har eg ikkje sagt at desse kreftene hindrar valfridommen, for enno har ikkje eg slått fast at ein slik språkleg valfridom finst.

Legen Jon Bremer skreiv for førti år sidan ein artikkel der han minte om at opphavleg var alle målfolk konvertittar.<sup>6</sup> Det er eit språkhistorisk viktig poeng. No var det jo ein del i den norske allmugen som skreiv på dialekt sjølv før Ivar Aasen sette i gang med sitt store arbeid. Likevel er det nok slik at svært mange av dei som var nynorskbrukarar i tiåra frå 1870 og fram mot 1920-åra, var slike konvertittar. Dei hadde brote ut av den dominerande skriftnormtradisjonen som dei sjølve hadde lært, og skifta til eit anna språk.

Eitt av dei tidlege vitnemåla om dette finn eg hos Lars Knutson Liestøl frå Åseral i Aust-Agder. Han levde frå 1839 til 1912, var lensmann i Bygland, var stortingsrepresentant i over tjue år, var i 1885 med og vedtok jamstellinga mellom dei to målformene i landet, og var seinare både statsråd og odelstingspresident. Altså ikkje ein av dei som hadde størst vanskar med å kome til orde i landet. I eit brev til faren skreiv han i 1865, 26 år gammal: ”Eg kan ikkje lenger halde det ut med at skriva Dansk, fyredi Tankarne verde so innesnørde som ei turka Næver.”<sup>7</sup>

Liestøl gjorde unna dei obligatoriske åra sine i landsfolkeskulen lenge før Peter Andreas Jensen i 1863 tok med dei første lesestykkja på landsmål i ei norsk lærebok. Vi må heilt fram til 1890 før dei første elevane får opplæring i nynorsk som hovudmål. Då vedtok Bygland i Aust-Agder og Hosanger i Hordaland at landsmålet skulle vere opplæringsspråket i skulane deira. Dei to kommunane vedtok dette to år før denne retten var lovfesta. Eg veit ikkje kor mange elevar

---

<sup>6</sup> Medisinaren Jon Bremer skriv kort og poengtert om desse i ”Ein konvertitt ser på målrørsla”, i *Målsak og framtidssamfunn*, Oslo 1966, s. 75–80.

<sup>7</sup> Brev frå Lars Liestøl til faren Knut Larson Liestøl 9.10.1865, sitert etter Åsulv Frøysnes: ”Lars Liestøl og målsaka”, *Syn og Segn* 1971, s. 157.

som fekk denne språklege fridommen i 1890, men eg trur vi har namnet på ein av dei. I Hosanger, no Modalen, voks Olav Nygard opp, og fødd i 1884 var nok han blant dei aller første her i landet som fekk opplæring på nynorsk. Denne fine diktaren budde seinare blant anna på Labråten i Asker.

Det er altså sannsynleg at Nygard møtte ein heilt annan skulekvardag enn den som stortingsrepresentant Hans Konrad Foosnæs frå Namdalseid har fortalt om. Han var fødd i 1846, og i ein stortingsdebatt i 1894 sa han: ”Læreren begyndte at le og gjøre Nar af mig, naar jeg kom til at bruge et af de Ord, som Fader og Moder brugte hjemme. Det blev mig rent uhyggeligt, og jeg maatte lægge al min Evne ind paa at forsøge at komme fra deres Maal saa hurtigt som mulig.”<sup>8</sup>

Hundre år etter at vesle Hans Konrad hadde måtta vekse opp og ut av sitt eige språk, skreiv Tarjei Vesaas i sitt monumentale dikt over Ivar Aasen i 1950:<sup>9</sup>

Det går mangt eit menneske  
og ser seg fritt ikring  
for Ivar Aasens skuld.

I dette diktet knyter Vesaas språk til fridom. Men er det skilnad på fridom og valfridom? Ja. For ein radikal liberalar som meg er fridom knytt til retten til noko og fråvær av noko anna. Valfridom dreiar seg om høvet til å gjere reelle val. Då må ein ha noko å velje mellom. Eg trur mange av dei som har skifta språk i Noreg, ikkje har opplevd det valet som reelt. Sosiale konvensjonar, ideologiske maktstrukturar, økonomiske rammer – alt dette har verka inn. Viss det ligg eit element av valfridom i det som har skjedd seinare med språket i norsk skule, er det i alle høve tale om eit ungt fenomen. Den språklege valfridommen og røysteretten for kvinner er om lag jamgamle. Atterhaldet ligg i begrepsbruken. Beretninga frå 1894 må likevel ikkje oppfattast som gyldig for dagens situasjon. Med fare for å rosemåle situasjonen noko trur eg vi stort sett er

---

<sup>8</sup> Foosnæs i Stortinget 4.6.1894.

<sup>9</sup> Tarjei Vesaas: ”Ivar Aasen”, prolog til festmøte i Oslo 17.11.1950 i høve hundreårsdagen for utgivinga av *Ordbog over det norske Folkesprog*, i Olav Vesaas: *Tarjei i tale*, Oslo 1997, s. 105.

komne dit at elevar flest ikkje blir utsette for slike haldningar frå lærarar, andre vaksne eller frå jamaldrande. Retten til å halde på sitt eige språk er altså blitt meir enn ein lovfesta formalitet. For svært mange tek den retten likevel slutt når skulen er slutt og arbeidslivet tek til.

Dei som i denne situasjonen talar varmest om valfridommen, er gjerne dei som sjølve ikkje bruker han, og som knapt er i den situasjonen at dei oppfattar det som rimeleg eller nødvendig å bruke fridommen til å skifte språk. I mange miljø av bokmålsbrukarar finst det ein reell toleranse for den språkdelte norske kulturen. Det er ein toleranse eg har stor respekt for. I desse miljøa er det også slik at dei som er mest tolerante overfor nynorsk også er mest tolerante overfor innvandrarar. Språkleg og kulturell toleranse heng i hop.

Liksom Noreg har ein språkdelt norsk kultur, har Vestlandet vore ein fleirspråkleg landsdel. Dei språklege motsetnadene har vore mange, og dei er ikkje borte. Graden av toleranse har vore skiftande, og bergensarane brukte nok dei fleste hundreåra fram til 2000 for å løyse opp i forholdet sitt til strilane. Mykje tidlegare og meir enn noko anna større norsk bysamfunn måtte Bergen finne ut av det fleirspråklege, både innanfor byens grenser som i hansatida, og i høve til omlandet. Trass alt må det difor kunne seiast at denne landsdelen i vesentleg grad, og i større grad enn andre landsdelar, har praktisert det minimum av toleranse som ein språkdelt kultur treng og sjølv blitt prega av dei demokratiseringsprosessane som gjer seg gjeldande i ein språkdelt kultur.

Dei fleste som skiftar språk i Noreg, skiftar frå dialekt til standard austnorsk. Kor friviljug dei gjer det, både kan og bør diskutertast. Det tener Bærum kommune til ære at kommunen med prosjektet ”Språk 2005” formar ei scene der slike spørsmål både kan stillast og diskutertast. I den grad kommunar elles engasjerer seg i så overordna politiske spørsmål, skjer det no helst i form av tiltak som i praksis reduserer det språklege mangfaldet i Noreg. Den 1. april 2005 opplyste NRK om at ”Tysvær kommune myker opp språkreglene og tillater bokmål, fordi saksbehandlerne har store problemer med å skrive

nynorsk.” Saka var ingen aprilspøk, for dagen før hadde kommunestyret med 21 mot ni røyster vedteke at ”målforma i Tysvær skal vera nynorsk.

Kommunestyret stiller seg nøytralt til kva målform som vert nytta i dagleg korrespondanse. Kommunestyret rår til at ein i størst mogleg grad nyttar nynorsk i saksutgreiingar m.m. Ved informasjon t.d. internettsider, skjema og liknande skal nynorsk nyttast.”<sup>10</sup>

Det hadde gått førti år sidan kommunen sist hadde denne saka føre. Ordførar Reidar Pedersen sa i ein kommentar at ”bakgrunnen for endringen er at enkelte saksbehandlere bruker for mye tid på å skrive nynorsk”. Eller som det heitte i saksutgreiinga frå administrasjonen: ”Sakshandsamarar flest meistrar anten nynorsk eller bokmål. Få meistrar å bruka begge målformene. Slik situasjonen er i vår kommune med nynorsk som administrasjonsmålform – vil det medgå ekstra tid til både formulering og god språkbruk. Hadde administrasjonsmålforma vore bokmål – ville i nokon grad situasjonen vore tilsvarande. Det er mange omsyn som må takast ved tilsetjing av tenestepersonell. Det bør ikkje vera slik at særskild dugande søkjarar til stillingar ikkje blir tilsette fordi dei ikkje meistrar målforma som gjeld for den offentlege tenesta i kommunen.”

Slike vedtak representerer ei språkleg einvegskøyning. Dei inneber valfridom til å bruke bokmål. Det er nok heilt usannsynleg at ein bokmålskommune, til dømes Bærum, skulle gjere same vedtaket andre vegen. Det er jo også slik at ein kommune som er såkalla språknøytral i praksis er ein bokmålskommune, og det var det rådmannen i Tysvær ønskte at kommunen no skulle bli. Politisk er biletet tydeleg: Dei som snakkar mest om valfridom, røystar for det som er med og reduserer det språklege mangfaldet i Noreg. Slikt gjer det nødvendig å presisere kva ein meiner når ein snakkar i så store ord som ”valfridom” eller ”mangfald”.

---

<sup>10</sup> Protokoll frå møte i kommunestyret 31.3.2005, [www.tysver.kommune.no](http://www.tysver.kommune.no).

Valfridommen i ein språkdelt kultur som den norske artar seg slik at di sterkare den eine målforma står i eit område, di større er den formelle valfridommen for dei som bur i det området, men jo mindre sannsynleg er det også at mange kjem til å bruke den valfridommen. Verken i Bærum eller i Sunnfjord er det mange som bruker den såkalla språklege valfridommen til å skifte målform. Språkskiftarane finn vi i dei språklege grenseområda, ikkje minst i Rogaland, og i dei områda av landet dit mange flyttar med eit mindre brukt språk i den mentale bagasjen sin. Det er nok slik at dei einaste som har ein reell språkleg valfridom i dette landet, er dei som har bokmål som hovudmål. Svært få av desse kjem opp i situasjonar der dei må skifte språk ikkje berre i arbeid, men også privat. Det finst ingen *valfridom* på nynorsk, men det finst ein *valgfrihet* på bokmål.

Mange held på språket sitt. Er det eit uttrykk for eit val? For nokre er svaret ja, men for dei fleste er det ein irrelevant problemstilling. Dei som trur at mange nynorskbrukarar har valt å skrive nynorsk, tek som regel feil. Viss det er slik at nokon har valt å halde på eit språk, er det i så fall fordi dei har vore i ein situasjon der dei har måtta velje. Den situasjonen oppstår i Noreg til vanleg berre når presset frå det dominerande skriftspråket av ein eller fleire grunnar blir for sterkt. Paradokset blir då dette: Å tenkje som så at ein som bruker nynorsk gjer det som resultatet av eit val og at vedkomande dermed har brukt den såkalla valfridommen sin, er å stadfeste at vedkomande har vore utsett for eit språkpress som har tvunge fram eit slikt val. Valfridom og tvang heng saman slik fram- og baksida gjer på ein medalje. Fridommen til å velje er baksida av medaljen, tvangen til å velje bort lyser på framsida.

Dei fleste som bruker bokmål, har aldri hatt noko alternativ. Det same gjeld dei som bruker nynorsk. Å ha rett til å bruke sitt eige språk er ikkje eit spørsmål om valfridom. Det rører ved heilt andre prinsipp. Det rører ved *prinsippet* nynorsk. Det vil seie at ein rører ved nokre fundamentale demokratiske prinsipp når språkbrukarane blir utsette for den såkalla



valfridommen. Dette demokratiske dilemmaet har oppstått i Noreg i det unionsfrie hundreåret, etter at grunnlaget for ei språkleg demokratisering blei lagt nettopp i det snaue hundreåret då Noreg var i union med Sverige.

Så store og alt anna enn enkle linjer er det Nynorsk kultursentrum har hekta seg på når vi i samarbeid med Hundreårsmarkeringa Noreg 2005 har utvikla kulturprogrammet "Det undrande språket" for ungdomsskuleelevar. Denne veka har vi vist dette programmet for elevar i Asker og Bærum. Ein del av det programmet er ei temautstilling der det står skrive på ein av plansjane:

"Demokrati er å delta. Den som vil delta aktivt i eit moderne samfunn, må meistre språket. Då må det språket vere tilgjengeleg for alle. Slik var det ikkje i Noreg på 1800-talet. Skriftspråket var for eit mindretal. Mange sa at noko måtte gjerast, men det var Ivar Aasen som gjorde det. Etter kvart kunne difor fleire bruke sitt eige skriftspråk og si eiga stemme, og fleire fekk røysterett. Å demokratisere språket var med og demokratiserte samfunnet. Dei mange røystene slapp til."

Eg takkar for at ei av dei røystene fekk sleppe til her i dag.

# Gåve til Asker og Bærum

Det går ei bru over elva her i Sandvika. Den brua går mellom aust og vest. I dette landet går det blant anna nokre viktige språklege skilje mellom vest og aust. Og mellom aust og vest har det oppstått eit kulturpolitisk samarbeid dei siste åra. Nynorsk kultursentrum har gått over denne brua saman med kommunane Asker og Bærum.

Som eg sa har Nynorsk kultursentrum i samarbeid med Noreg 2005 utvikla eit kulturprogram for skuleelevar. Det programmet rommar både ei temautstilling, besøk av ein kunstnar og av formidlingsleiaren vår, eit dataspel om norske dialektar og ymse materiell som i sum peikar på forholdet mellom språk og identitet.

Ikkje alle kan kome til Ivar Aasen-tunet, så då reiser vi like godt ut. I veka som har gått, har dette programmet vore vist for 250 elevar ved Ringstabekk og Mølladammen i Bærum, og ved Risenga og Torstad i Asker. Det var så viktig for omverda at riksnyheitene i NRK TV dekte saka onsdag. Viktigare er det likevel viss gjestinga vår har vore med og stimulert den språklege undringa som ligg i kvar einaste tenåring, men som altfor mange av oss misser seinare.

Ein viktig grunn til at vi kunne gjere dette, er at det framleis finst kommunar i dette landet som ikkje berre har kultursjefar, men som jamvel held seg med både geskjeftige og dyktige kultursjefar. Eg rettar difor ein særleg takk til kultursjef Trine Hamre Bendixen, og til mållaga i Asker og Bærum.

Programmet "Det undrande språket" er ei vekelang gåve frå Nynorsk kultursentrum til Asker og Bærum kommunar. Gåva har de alt fått, men som eit handfast uttrykk for det som har skjedd, har eg med både dataspelet Dialektspelet og nokre andre nyttige gjenstandar frå Ivar Aasen-tunet. Eg ber difor kommunalsjefane for undervisning, Wenche Grinderud i Bærum og Tore Isaksen i Asker, kome fram og ta imot kvar sin vesle gåvepakke.